

Budsjett 2012



Budsjettdokument for 2012 og
økonomiplan for 2012 - 15

Dato: 25.11.2011



RADOY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Budsjettgrunnlag 2012 syner dei overordna økonomiske rammene for året samt fordelt netto driftsramme inn- anfor dei tenestene kommunen tilbyr. Med bakgrunn i dette legg rådmannen den 01.12.2011 fram budsjettgrunnlag for formannskapet og til endeleg godkjenning i kommunestyret 15.12.2011. Budsjettgrunnlaget byggjer på rekneskap 2010, regulert budsjett 2011, kjente endringar og statsbudsjettet for 2012.

Kommuneøkonomi

Hovudutfordringa for Radøy kommune i 2012 er å halde fram med stram økonomisk styring og å ta ned drifta til vedteken ramme. Kommunen brukar over 80% av drifta på dei store tenestområda barnehage, skule, helse og omsorg. Med kutt på 2,2 % vil kvaliteten på tenestene reduserast. Radøy kommune må halde fram med effektivisering av tenestene på alle nivå. Investeringsrammene vert strame framover og kommunen bør ikkje auke lånegjelda dei næraste årene.

Samhandlingsreforma

Ei hovudutfordring dei neste åra vert å imøtekoma mål og intensjonar i samhandlingsreforma. Rådmannen er ganske sikker på at denne reforma er underfinansiert. Det skal rettast eit stort fokus på førebyggingsarbeid gjennom systematisk fokus på folkehelse. Samstundes er det sett av lite pengar til dette arbeidet. Dei statlege tilskota som er sett av går i hovudsak til medfinansiering av sjukehusopp- hold og til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Her vert det viktig å følgja med framover, slik at finansieringa frå staten tek inn over seg dei utfordrin- gane kommunen er stilt over for.

Barnehage og skule

Vidare har me ei utfordring innanfor barnehagesektoren. Tilstrekkeleg plassar og gode barnehagelokalite- tar må prioriterast. Innanfor skule vil vidareføring av kvalitetsmelding for skule og «La linea» arbeidet vere viktig. Kompetanseheving for lærarane skal prioriterast. Kommunen skal vurdere

dei statlege ordningane opp mot lokale ordningar og avtalar gjennom kursregionen.

Målstyringsarbeid

Radøy kommune vil halde fram med målstyringsarbeidet. Kvar eining arbeidar etter mål innanfor fire ulike perspektiv. Målekorta vert lagt fram for kommunestyret i januarmøtet.

Næringsliv

Radøy kommune er ein del av ein større regional arbeidsmarknad med Mongstad og Knarvik som sentrale område. Vi må arbeide for å leggja tilhøva til rette for ei positiv og allsidig næringsutvikling basert på lokale ressursar og naturgjevne tilhøve. Me har attraktive næringsareal på Olsvollstranda og me vil i 2012 starte eit omfattande reguleringsarbeid for at dette området skal verta teneleg og heilskapleg. Utvikling av Manger sentrum vert også sentralt i høve næringslivet. Kommunedelplan Manger bør reviderast tidleg i denne politiske perioden. Dette for å opne opp for ny aktivitet og auka folketal. Rådman- nen går inn for å redusera midlane til næringsføre mål i 2012. Kommunen har framleis noko avsette fondsmidlar innanfor området og rådmannen går inn for å nytta desse midlane dersom det vert trong for det.

Arbeidsmiljø

Rådmannen er oppteken av at dei til- sette skal oppleve kommunen som ein god, trygg, og interessant arbeidsplass. Innhald i jobben, arbeidsoppgåver og samarbeid med leiar og kollegaer er viktige område som må prioriterast. Radøy kommune har sidan 2008 ar- beidd systematisk med sjukefråværet. Utviklinga av sjukefråværet er ikkje slik at ein kan fastslå resultatet av arbeidet eintydig, men trenden er ein reduk- sjon av sjukefråværet i perioden.


Hovudmål

Ei berekraftig samfunnsut- vikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjonar

Aktiv deltaking i utviklinga for alle som bur og arbeider i kom- munen

Sikre og gode oppvekstvilkår for barn og unge

Folketalsutvikling



Radøy kommune brukar lite ressursar på personal og personaloppfølging. Einingsleiarane har arbeidsgjeveransvar for tilsette på eininga, og personalrådgjevar har overordna ansvar i lag med rådmannen.

Personalarbeidet omfattar m.a. strategisk overordna arbeid, arbeid knytt til lov og avtaleverk, og enkeltsaker samt rettleiing av leiarar. Med over 600 tilsette er personalarbeidet ein viktig del av oppfølginga av dei tilsette. Einingsleiarane vil ha driftsfokus, og fokus på grunnleggjande personalarbeid skal vektast mot andre viktige oppgåver og prioriteringa vert utfordrande.

På overordna nivå er det ambisjonar om å arbeide for at dei tilsette skal oppleve kommunen som ein betre arbeidsgjevar. Overordna planar, strategiske grep, meir tid til god dialog og kontakt med arbeidstakarorganisasjonane. Informasjonsarbeid om HMT rutinar, avvikshandtering, oppfølging av sjukemelde, kontakt med NAV, førebyggje at tilsette vert uføretrygda og fokus på nærvær vert skvist mellom arbeid med einskildsaker, tilsettingar og rutineoppgåver.

I ei tid med økonomiske tronge rammer vil all omstilling og endring krevje at personal er aktiv med i prosessar der tilsette blir berørt av omstillingane. Dette kan være tidkrevjande for personalavdelinga.

Kommunen sin kapasitet til personalarbeid er ei utfordring. Gode prosessar og god handtering av strategiske saker skapar godt omdøme. Men det skal lite til for at dårlege prosessar og dårleg handtering kan gje negativ merksemd. For å behalde og rekruttere dei gode medarbeidarane er det viktig at arbeidet med t.d. utlysingstekstar, dokument, rutinar, handtering av søkarar og medarbeidarar er god på alle nivå. Dersom personalsaker vert handtert dårleg, skal det lite til før ein har eit negativt omdøme som arbeidsgjevar. Slike endringar tar lang tid å rette opp.


Rådmannen meiner at dersom kommunen som arbeidsgjevar ønskjer å lukkast i høve arbeidet med personaloppfølging, må det også satsast på dette området. Noverande beman-

Resultat frå siste medarbeidarundersøking


Tema	Radøy	Landet
Organisering av arbeidet	4,4	4,4
Innhald i jobben	4,9	4,9
Fysiske arbeidstilhøve	4,3	4,1
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,9	5,0
Mobbing, diskriminering og varsling	4,8	4,7
Næraste leiar	4,5	4,5
Medarbeidarsamtale	4,7	4,7
Overordna leiing	4,1	3,8
Fagleg og personleg utvikling	4,2	4,2
System for lønns- og arbeidstidsordningar	4,0	3,8
Stoltheit over eigen arbeidsplass	4,6	4,7
Heilskapsvurdering	4,6	4,5

ning er knapp og omstillingsarbeid i samband med økonomiutfordringane vil kunne krevje mykje fokus ei tid frametter. Dette vil vera utfordrande for andre delar av personalarbeidet.

Tal kommunalt tilsette



Sjukefråvere



Hovudoversikt drift

	Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Brukarbetalingar	(15 827 000)	(15 772 000)	(15 083 000)	(16 954 543)
Andre sals- og leigeinntekter	(26 979 000)	(26 681 000)	(26 985 000)	(27 937 102)
Overføringar med krav til motytingar	(28 797 000)	(31 338 000)	(31 078 000)	(56 830 546)
Rammetilskot frå staten	(138 137 000)	(125 179 000)	(120 494 000)	(85 081 826)
Andre statlige overføringar	(3 940 000)	(4 119 000)	(4 349 000)	(8 580 361)
Andre overføringar	-	-	-	(523 219)
Skatt på inntekt og formue	(95 087 000)	(92 294 000)	(94 187 000)	(96 605 106)
Eigedomsskatt	(11 175 000)	(11 040 000)	(11 040 000)	(10 905 429)
Sum driftsinntekter	(319 942 000)	(306 423 000)	(303 216 000)	(303 418 132)
Lønsutgifter	174 136 000	173 458 000	167 030 000	171 130 646
Sosiale utgifter	46 997 000	46 797 000	44 985 000	44 025 220
Kjøp som inngår i kommunal prod.	40 037 000	41 437 000	38 883 000	48 672 467
Kjøp som erstattar egen prod.	18 337 000	17 387 000	14 891 000	16 656 980
Overføringar	25 990 000	15 778 000	19 242 000	15 272 259
Avskrivningar	11 921 000	11 921 000	10 952 000	11 926 412
Fordelte utgifter	2 310 000	2 310 000	2 071 000	2 397 602
Sum driftsutgifter	319 728 000	309 088 000	298 054 000	310 081 586
Brutto driftsresultat	(214 000)	2 665 000	(5 162 000)	6 663 454
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	(7 113 000)	(8 248 000)	(7 863 000)	(8 515 156)
Mottekne avdrag på lån	(60 000)	(60 000)	(60 000)	(23 740)
Sum eksterne finansinntekter	(7 173 000)	(8 308 000)	(7 923 000)	(8 538 896)
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7 137 000	6 691 000	7 373 000	5 254 127
Avdragsutgifter	7 597 000	6 967 000	6 967 000	6 344 194
Utlån	60 000	60 000	60 000	-
Sum eksterne finansutgifter	14 794 000	13 718 000	14 400 000	11 598 321
Resultat eksterne finansieringstransaksjon	7 621 000	5 410 000	6 477 000	3 059 425
Motpost avskrivningar	(11 921 000)	(11 934 000)	(10 965 000)	(11 926 412)
Netto driftsresultat	(4 514 000)	(3 859 000)	(9 650 000)	(2 203 533)
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	(482 976)
Bruk av bundne fond	-	-	-	(210 044)
Sum bruk av avsetningar	-	-	-	(693 020)
Overført til investeringsrekneskapan	1 524 000	1 928 000	2 612 000	326 000
Avsetningar disposisjonsfond	-	-	-	1 419 139
Avsetningar til bundne fond	172 000	294 000	294 000	1 151 413
Sum avsetningar	1 696 000	2 222 000	2 906 000	2 896 552
Netto avsetningar	1 696 000	2 222 000	2 906 000	2 203 532
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	(2 818 000)	(1 637 000)	(6 744 000)	(1)

2012 vert eit interessant år for Radøy kommune, med nye oppgåver og utfordringar på mange område. Overføringane frå staten aukar mykje, samstundes som krava til det kommunen skal levera også aukar.

Skjema 1A syner kva frie midlar midlar kommunen har tilgjengeleg i 2012.

Hovudoversikt drift syner eit netto driftsresultat på 4,514 mill, noko som svarar til ca 1,4% av netto driftsinntekter. Dette resultatet er ikkje tilfredsstillande dersom ein tek utgangspunkt i at resultatet bør liggja mellom 2,5 og 3%. Rådmannen meiner likevel at resultatet er akseptabelt slik føresetnadene for 2012 no er.

Til grunn for **skatteanslag og rammetilskot** for 2012 er lagt siste modell frå KS, datert 2.11.2011. I denne er teke opp dei sist kjente tala for 2011 og 2012.

Det er lagt til grunn tal frå den såkalla alternative KS-modellen, der faktisk skatteinngang dei siste tre åra ligg til grunn. Dette gir oss noko lågare skatteinngang enn den ordinære modellen, men dette vert delvis kompensert av noko høgare inntektsutjamning. I høve til ordinær modell taper vi ca 570.000 på dette, men det vil truleg vera nærare dei faktiske tilhøva.

Skatteinngangen i Radøy har vore etter måten dårleg i 2011, og vi ligg langt under gjennomsnittet både i Hordaland og for landet. Inntektsutjamninga gjer likevel at vi langt på veg får kompensert for svak inntekt. **Skatteøyret vert fastsett til 11,6% i 2012.** Dette er maksimalnivå bestemt på departementsnivå, for å oppnå den totale skatteinngangen som ligg til grunn i statsbudsjettet.

Rammetilskotet er gitt, basert på kriterietal pr 1.7.2011. Folketalet aukar totalt i heile landet, og særleg vekst i dei eldste og yngste aldersgruppene gir kommunane auka kostnader. For Radøy kommune har aldersgruppa 0-5 gått litt ned siste året, men har auka

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Skatt på inntekt og formue	(95 087 000)	(92 294 000)	(94 187 000)	(96 605 106)
Ordinært rammetilskot	(138 137 000)	(125 179 000)	(120 494 000)	(85 081 826)
Eigedomsskatt	(11 175 000)	(11 040 000)	(11 040 000)	(10 905 429)
Andre generelle statstilskot	(3 690 000)	(3 869 000)	(4 099 000)	(3 736 902)
Sum frie disponible inntekter	(248 089 000)	(232 382 000)	(229 820 000)	(196 329 263)
Renteinntekter og utbytte	(7 113 000)	(8 248 000)	(7 863 000)	(8 515 156)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg	7 137 000	6 691 000	7 373 000	5 254 127
Avdrag på lån	7 597 000	6 967 000	6 967 000	6 344 194
Netto finansinntekter/-utgifter	7 621 000	5 410 000	6 477 000	3 083 165
Til ubundne avsetjingar	-	-	-	47 073
Netto avsetjingar	-	-	-	47 073
Overført til investeringsrekneskapen	1 524 000	1 928 000	2 612 000	326 000
Til fordeling drift	(238 944 000)	(224 978 000)	(220 731 000)	(192 873 025)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	236 126 000	223 420 000	214 000 000	192 873 025
Meirforbruk/mindreforbruk	(2 818 000)	(1 637 000)	(6 744 000)	-

dei siste fem åra. Aldersgruppa 80-89 har gått ned kvart år dei siste fem åra, medan gruppa over 90 har auka alle år unnateke 2010. Det meste av auken i folketal i Radøy kommune er i aldersgruppa 16-66 og dels også 67-79.

Skjønstilskotet frå fylkesmannen er auka frå 3 mill i 2011 til 3,2 mill i 2012. Dette syner at fylkesmannen har forståing for Radøy kommune sin økonomiske situasjon og dei utfordringane vi står overfor.

Rammetilskotet aukar samla frå 124,6 i 2011 til 137,5 mill i 2012. Dette inkluderer ca 5,8 mill til samhandlingsreforma. Pris- og lønsvekst er estimert til 3,25%. Auken i pensjonskostnader er ikkje kompensert med auke i rammetilskotet.

Eigedomsskatten for 2012 vert fastsett til 3‰ på bustadeigedomar og ubygd grunnstykke og 7‰ på andre eigedomar.

Det er rekna med auke iht nye bustader som vert oppført. Verknadene av at Manger Seafood har flytta og at Jotun legg ned er førebels uviss, og rådmannen har ikkje funne å redusera pårekna eigedomsskatt på dette grunnlaget.

Det er for tida sær stor uvisse om **renteutviklinga** i tida som kjem, og det er lagt inn eit rentenivå for flytande rente på 3,25% i 2012.

Kommunen har bunde ca 50% av låneporteføljen i Kommunalbanken på 3,28% til 22.08.2014, medan resten er

flytande. Låna i Husbanken er bundne på 3,04% til 2013.

Dette rentenivået har innverknad både på innlånsrenta og utlånsrenta. For investeringstilskot til skular, sjukeheimar og omsorgsbustader er det Husbanken si gjennomsnitt-

lege lånerente som bestemmer nivået. Denne ligg for tida noko under 3%, og for 2012 er det rekna med 2,95%.

Kompensasjonstilskot for grunnskulelerefoma vert rekna på ein særskild måte som gir 2,79% rente for 2012.

Renter av bankinnskot har vore høge i 2011, men frå 2012 blir dei langt lågare. Dette skuldast først og fremst reduserte plasseringar. Rådmannen legg opp til at det vert teke opp minimale nye lån i 2012, jfr merknader til investeringsrekneskapen 2012.

Aksjetbytte i BKK er vidareført med same nominelle beløp som i 2011. Ein kjenner ikkje kva faktisk utbytte kommunen vil få i 2012, men BKK går bra, og det er grunn til å tru at eigarane ønskjer å ta ut like stort ordinært utbytte også i 2012 og vidare.

Avdrag er lagt ned mot minimumsavdrag.

Omlegging av regimet for inntektsføring av **mva-kompensasjon** frå investeringar er i omlegging, og i 2012

skal 60% av slike inntekter overført til investeringsrekneskapen. Tabellen nedanfor syner at dette gir kraftige utfordringar for drifta, med ei faktisk innstramming på ca 2,2 mill i 2012 samanlikna med 2011.

	2011	2012
Mva-komp investering totalt	5.530.000	2.660.000
Overført til investering	2.212.000	1.596.000
Nytta i drift	3.318.000	1.064.000

Kommunen får samla sett tilført meir midlar enn nokon gong, men utfordringane i høve til drifta er samstundes store.

Kortversjonen er om lag slik:

Auka rammetilskot og skatt	15.700
Auka rentekostnader og avdrag	1.000
Reduserte renteinntekt	1.000
Reduserte statstilskot	400
Kostnader samhandlingsreforma	5.800
Lønsvekst	4.600
Pensjonsvekst	2.600
IKT Nordhordland	1.100
Nye barnehageplassar	2.000
Redusert mva-komp.	2.200
Netto	-5.000

Budsjettskjema 1B

	Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 vedteke	Rekneskap 2010
Politisk	2 358 000	2 378 000	2 835 000	2 299 167
Sentraladministrasjonen	16 958 000	16 448 000	15 019 000	14 382 384
Kultur	3 052 000	2 602 000	2 346 000	1 856 781
Radøyhallen	1 526 000	1 676 000	1 071 000	1 709 484
Kyrkja	3 886 000	3 886 000	3 886 000	2 901 943
Fellesteneste skule/SFO/BH	7 069 000	5 519 000	3 621 000	(760 601)
Austebygd skule/SFO	6 217 000	6 222 000	6 196 000	6 052 054
Hordabø skule/SFO	10 050 000	10 073 000	9 371 000	9 293 000
Manger skule/SFO	12 681 000	12 721 000	12 029 000	12 892 000
Sæbø skule/SFO	13 129 000	13 174 000	11 865 000	12 600 000
Radøy ungdomsskule	20 341 000	20 337 000	20 306 000	21 129 901
Radøy bibliotek	1 192 000	1 192 000	1 178 000	1 175 000
Austebygd barnehage	1 814 000	1 814 000	1 830 000	467 112
Bø barnehage	6 205 000	6 158 000	5 230 000	929 621
Prestmarka barnehage	9 218 000	9 347 000	8 351 000	2 223 634
Sæbø barnehage	5 579 000	5 618 000	5 445 000	1 399 671
Radøy musikk- og kulturskule	1 557 000	1 557 000	1 494 000	1 428 006
NAV Radøy sosial	7 622 000	7 189 000	7 347 000	6 337 740
Frivilligsentralen	372 000	372 000	367 000	385 081
Helsetenester	8 657 000	8 457 000	8 117 000	7 822 527
Velferdssenteret	29 561 000	29 731 000	29 077 000	28 183 762
Heimetenesta	20 201 000	20 152 000	19 092 000	19 009 461
BF-tenesta	18 198 000	17 913 000	18 282 000	18 867 349
Radøy matsørvis	(271 000)	(271 000)	(289 000)	(307 000)
Radøy interkommunale busenter	4 637 000	4 429 000	3 959 000	3 974 095
Barne- og familietenesta	19 327 000	19 227 000	18 339 000	18 986 845
Helse og omsorg felles	6 471 000	662 000	667 000	509 899
Plan, Næring, Teknisk	2 705 000	2 905 000	2 933 000	3 422 090
Landbrukskontor	1 087 000	1 087 000	1 075 000	10 858
Teknisk drift, inkl VAR-området	6 068 000	6 052 000	5 661 000	6 350 579
Reguleringspostar	(11 341 000)	(15 220 000)	(12 713 000)	(12 659 418)
SUM	236 126 000	223 407 000	213 987 000	192 873 025

Skjema 1B – drift 2012

Rådmannen ser det som nødvendig å gå inn for ei generell 2,2% innsparing på alle tenesteområde i 2012.

Dette vert gjort ved at ramma frå 2011 vert redusert. Auke av gebyr og leigeinntekter inngår i innsparingane, med unntak av VA-området. Samla innsparing utgjør ca 5,2 mill. Vedlikehaldsmidlar tildelt i 2011 er trekt ut av 2011-ramma før innsparinga vert rekna ut.

I det følgjande går rådmannen i grove trekk gjennom innhaldet i skjema 1B, i rekkefølge, og kommenterer dei endringane som er føreslegne i høve til 2011.

Gjennom **E-val-prosjektet** i 2011 fekk kommunen tilført ekstra ressursar frå KR. Desse midlane vert ikkje vida-reført i 2012. Samstundes må ekstra lønsmidlar nytta til e-valprosjektet tilbakeførast.

Radøy kommune har frå 1.9.2011 gått inn i **IKT-samarbeid i Nordhordland**.

Radøy kommune sin del av dei samla driftskostnadene er ca 1,8 mill pr år. 1/3-del av kostnaden var innarbeidd i 2011-budsjettet, og årsverknaden må takast med i 2012, ca 1,1 mill. I 2011 har det vore sett av kr 250.000 til konsulenthjelp innan IKT. Som følgje av det nye IKT-samarbeidet, kan desse midlane tilbakeførast i 2012.

Dei siste åra har det kvart år vorte sett av kr 500.000 til **næringsføremål**. I 2010 vart noko av dette sett av til fond, slik at kommunen no har eit næringsfond på ca kr 450.000. I den grad årsresultatet i 2011 tillet det, vert det sett av ytterlegare midlar i 2011, slik at fondet vil passera 0,5 mill ved årsskiftet. Rådmannen går inn for å redusera

midlane til næringsføremål med kr 300.000 i 2012. I tillegg vert tilskotet til Nordhordland reiselivslag teke bort. I løpet av 2012 vert det vurdert om Radøy kan slutta seg til nærings-samarbeidet som Lindås og Austrheim har.

Ved eigedomsskattekontoret har det vore sett av kr 70.000 til konsulenthjelp i samband med taksering av større eigedomar, først og fremst knytt til næring. Så langt ein kjenner til, kjem det ingen større endringar i 2012 som krev særskilt taksering. Avsette midlar kan etter rådmannen si vurdering tilbakeførast i 2012.

Frå sentralt hald er det uttalt at kommunane skal kunna ta i mot elektroniske faktura frå 1.7.2012. Det ser førebles ikkje ut til å bli sett makt bak dette kravet. Inntil det ligg føre klårare krav og retningslinjer, vert det ikkje sett i

verk tiltak for å setja i verk rutinar kring elektronisk faktura i 2012.

Kommunen har tilsett ny **ungdomskoordinator** frå 1.8.2011, og årsverkna- den av dette tiltaket vert ca kr 300.000 i 2012. Ungdomskoordinatoren har gjort ein framifrå jobb så langt, og tilbakemeldingane er særst positive. Rådmannen meiner difor at tiltaket må vidareførast i 2012.

Radøy kommune er **MOT-kommune** og får noko meirkostnader knytt til dette, ca kr 42.000 for 2012. Avtalen med MOT vart inngått 9. mai 2009, og går inntil den vert sagt opp, tidlegast 2,5 år etter oppstart. Rådmannen vil vurdere avtalen på nytt, m.a. i lys av at det no er tilsett ungdomskordinator.

Det er ønskeleg å auka **tilskota til private idrettsanlegg** i kommunen. Utanom Radøyhallen eig kommunen ingen anlegg sjølv, og dei frivillige idrettsorganisasjonane sparar såleis Radøy kommune for betydelege kostnader. Dette er også i samsvar med vedteken kulturplan.


Radøyhallen fekk i 2011 tilført kr 150.000 ekstra for å dekke særlege vedlikehaldskostnader. Sjølv om hallen no trekkjer på åra, og trongen for vedlikehaldsmidar ikkje vert mindre, vil rådmannen ikkje vidareføra desse ekstra midlane. Det er sett av ein felles pott til særleg vedlikehald, og Radøyhallen må kunna få del i desse, i den grad ordinært avsette vedlikehaldsmidar ikkje strekk til.

Radøy Sokn har vedteke budsjett for 2012 der dei ønskjer at det kommunale tilskotet aukar med ca kr 178.000 i høve til 2011. Radøy sokn fekk tilført nær 1 mill ekstra i 2011. I lys av kommunen sin økonomiske situasjon, kan rådmannen ikkje gå inn for ytterlegare auke av tilskotet i 2012.


Rådmannen legg likevel til grunn at Radøy sokn får tilført midlar i 2012 til å dekke lønsauke, på line med kommunale einingar. Men også Radøy sokn må ta del i den generelle 2,2% innsparinga.

I følgje all tilgjengeleg statistikk skal **elevtalet i skulane** gå noko ned frå hausten 2012. Slik tildelingsmodellen er for ressursar til skulen, skal dette gi ei innsparing på ca 675.000 i 2012.

Lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Renteutvikling på innskot og lån



I rammetilskotet frå staten er det lagt inn ekstra ressursar til **valfag i ungdomsskolen** frå hausten 2012. Summen på landsbasis er kr 64.600.000 i 2012, og Radøy kommune sin del kan reknast som vår del av innbyggjartalet i landet pr 1.7.2011 gonger utgiftsbehovet vårt i høve til landet. Dette gir kr 69.500,-, og rådmannen går inn for å tilføra ungdomsskolen kr 70.000 til valfag frå 1.8.2012.

Det er ønskeleg å setja av midlar til **etterutdanningstiltak for lærarar** i skulen, og rådmannen vil i løpet av første halvår 2012 vurdere korleis ein kan få dette til innafor dei økonomiske rammene kommunen har. I budsjettet er det sett av kr 100.000 til oppfølging av kvalitetsmeldinga for skulen.

Kostnadene ved **SFO** har auke mykje det siste halve året, og det kan sjå ut til at betalingsmodellen som er valt på dei fleste skulane er noko av årsaka til dette. Rådmannen vil difor vurdere betalingsordning og finansieringa for SFO på nytt i god tid før hausten 2012

I **barnehagane** får vi i 2012 heil-årsverknad av utvida tal plassar frå hausten 2011. Dette utgjør om lag 1,1 mill i samla kostnadsvekst. Frå hausten 2012 vert ordninga med kontantstøtte lagt om, slik at 2-åringane ikkje lengre får slik støtte. Støtta til born i alderen 13-18 månader aukar noko. Litt av auken i rammetilskotet er knytt til pårekna auke i etterspurnaden etter barnehageplassar frå hausten 2012. Rådmannen finn ikkje rom for å leggja inn ytterlegare vekst til barnehagane i 2012.

Framhald s. 10

Nytt gebyrregulativ for byggesak, oppmåling og plan vert teke inn som eige vedlegg til budsjettet. I prinsippet skal satsane fastsetjast til sjølvkost. I justeringa frå 2012 har ein sett mot Meland og Lindås sine satsar, og forsøkt nærma seg deira nivå der det er tenleg.

Representantskapen i NGIR har i møte 31.10.2011 vedteke at **slamgebyret** skal vera uendra frå 2012. **Renovasjonsgebyret** aukar ca 5,5%, som følgje av auka transportkostnader.

Budsjettet for VA-området (vatn og avløp) er ei vidareføring av tala for 2010. Det er ikkje lagt opp til auke i forbruks- eller tilknytingsgebyr.

Det er vedteke nye hovudplanar for vatn og for avløp, og gebyrsatsane er lagt med utgangspunkt i desse tala.

Husleiger i kommunale husvære/lokale vert regulert i høve konsumprisindeksen pr 1.1.2012. Denne vert truleg ca 1,3%.

Det er under utgreiing overgang til gjengs leige for alle leiger i kommunale husvære, og leigene kan difor blir regulerte i løpet av 2012.

Foreldrebetaling i barnehagar er i samsvar med føringar frå departementet ikkje regulerte opp. Kommunen får tilført midlar som skal dekke «tapet» som følgje av manglande prisregulering.

Foreldrebetaling i SFO vert auka med 5%. Vedtektene for SFO skal takast opp til vurdering i 2012.

Eigenbetalinga i **Musikk- og kulturskulen** vert auka med 5% i 2012. Det vert likevel ikkje auke i satsane for skulekorps som kjøper timar gjennom musikk- og kulturskulen.

Billett- og leigeprisane i **Radøyhallen** aukar med ca 5%, likevel noko meir for klyppekort i symjehallen. Prisen for enkeltbilletter vert ikkje endra.

Eigenbetaling i pleie og omsorg
Radøy kommune har vedteke å følgja helse- og omsorgsdepartementet sine til ei kvar tid gjeldande betalingsattar. Dette gjeld betaling for praktisk bistand (for brukarar med inntekt inntil 2G) og for dag- og korttidsopphald i institusjon. Dersom satsane endrar seg

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2012

Alle gebyr er medrekna meirverdiavgift

Renovasjon	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-400,-	3.050,-	2.550,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	-	3.450,-	2.950,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+400,-	3.850,-	3.350,-
Hytterenovasjon		1.725,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn	1.900,-	3.564,-
Årsgebyr avløp	2.644,-	4.948,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		848,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³)		14,10
Administrasjonsgebyr vassmålar		125,-
Tilknytingsgebyr vatn		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.178,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		19,26
Tilknytingsgebyr avløp		19.875,-
Slamgebyr		1.115,-

Feiing/branntilsynsgebyr	365,-
---------------------------------	-------

Eigenbetaling pleie og omsorg		
Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester		290,- pr time
Mat til heimebuande	Liten porsjon kr 58,-	Stor porsjon kr 66,-
- transport av mat		5,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter, inkl mat og transport		120,- pr dag
Aktivitetstilbod for bebuarar i omsorgsbustader		40,- pr dag
Tryggleiksalarm		294,- pr mnd
Dagopphald i institusjon		68,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år		129,- pr døger

i løpet av 2012, vert dei kommunale satsane endra tilsvarende.

Satsane for betaling for praktisk bistand vert lagt noko om. Det er ønskeleg med betre kostnadstilpassing av prisane, samstundes som ein vi skjerma dei som har bruk for mykje hjelp. Timeprisen vert difor auka til kr 165,- for dei med lågast inntekt. Maksimalbeløpet pr måned vert ikkje auka for dei med inntekt mindre enn 2G. For dei med inntekt over 2G, vert maksimalbeløpet pr måned auka med 3,5% frå 2012.

Prisane for mat til heimebuande vert auka med ca 3,5% i høve til 2011. Opphald i dag/aktivitetssenter aukar noko

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp		
G-trinn	Timepris	Maks pr måned
Inntil 2G	165,-	165,-
2-3G	165,-	775,-
3-4G	210,-	1.155,-
4-5G	262,-	1.575,-
Over 5G	315,-	1.899,-

meir. I tilbodet ligg transport, mat og aktivitetar på dagsenteret. Samanlikna med andre kommunar har vi her gitt eit sær særmeleg tilbod, og rådmannen meiner difor at betalingsattar må aukast til kr 120,- frå 1.1.2012.

Dei som er bur i omsorgsbustader får

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2012

Radøy kultur- og musikkskule	
Instrumentalkurs/vokalkurs	1.417,-
Musikkverkstad/aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.312,-
Sal av timar til lag (pr time)	257,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset	
Barnehage	
Heildagsplass	2.330
Søskenmoderasjon er 30% og evt 50% frå og med tredje barn.	
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvar barnehage.	
SFO	
Inntil 5 dagar pr veke	2.257,-
Inntil 4 dagar pr veke	1.890,-
Inntil 3 dagar pr veke	1.470,-
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO.	
Søskenmoderasjon er 30% evt 50% frå og med tredje barn.	
Radøyhallen	
Leige av idrettshall/symjehall	231,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leige av terapibasseng	189,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leigetakarar utanfor kommunen betalar doble satsar	
Klippekort symjebasseng - 20 klipp	350,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp	180,-
Enkeltbillett vaksne	50,-
Enkeltbillett born	25,-
Born under 5 år gratis i følgje med vaksne	
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	230,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne	
Leige skytebane (pr år)	30.000,-
Sæbø skule - fleirbrukshallen	
Leige hall for org. i Radøy kommune, born og unge	Gratis
Leige hall for org. i Radøy kommune, vaksne	116,-pr time
Leige hall for organisasjonar utanfor kommunen	232,- pr time
Aktivitetar i privat regi	232,- pr time
Utleige kantine til private føremål, inkl inventar/utstyr	1 000,- pr dag
Utleige kantine til private føremål, utan inventar/utstyr	500,- pr dag
Reinhold kjem i tillegg dersom leigetakar ikkje ordnar dette sjølv	
Gymsalar i skulane	
Aktivitetar i privat regi	158,- pr time



også tilbod om å ta del i aktivitetane på dagsenteret. Til no har dette vore gratis, men rådmannen meiner at også bebuarane her må kunna betala noko for tilbodet, på line med dei som bur i private heimar. Prisen for slik dagtilbod vert sett til kr 40,-.

Prisane for andre tenester og for trygg-leiksalarmar aukar 5%. Desse prisane vart ikkje auka i 2011.

Rådmannen vil sjå på alternative løysingar for å få til fleire plassar frå hausten 2012, herunder vurderer «naturbarnehage». Dette omfattar også turvande investeringar.

Kostnadene ved born i private barnehagar i andre kommunar er vidareført med 2 mill i 2012. Dette er eit overslag basert på tala frå første halvår 2011. Sikre tal får ein ikkje før langt ute i 2012.

Samhandlingsreforma er ei særskild omfattande reform, som vil få verkningar for kommunen på mange område. Mykje er framleis uvisst, men ein del tal er no litt meir konkretiserte. Ut frå siste kjende tal vil Radøy kommune få kr 5.809.000 til samhandlingsreforma overført i rammene. Den kommunale medfinansieringa av sjukehusopphald er førebels rekna til kr 5.370.000 for 2012. Det blir innført ein avrekningsmodell som skal sikra at medfinansieringa er knytt til faktiske liggedøgn. Etter medfinansiering har vi såleis «igjen» kr 439.000 til liggedøgn og andre tiltak.

Kostnadene ved liggedøgn på sjukehus vert eit anslag, då vi ikkje veit noko konkret om kor mange slik døgn vi faktisk vil få i 2012. Ser vi på perioden april – juni 2011 hadde vi 69 liggedøgn ved sjukehus, som etter forhandling vart justert ned til 43 døgn. Reknar vi dette på årsbasis, gir det 172 liggedøgn.

Dersom vi nyttar dei midlane vi har igjen etter kommunal medfinansiering, vil vi ha «råd» til ca 110 liggedøgn i 2012. Det er noko slingringsmonn i desse tala. Etter samhandlingsreforma er det krav om 24 timars varsel før liggedøgn kan belastast kommunen. Det er også ei avgrensing i høve til kostnad i kvart tilfelle. Likevel ser det ut til at vi nok ein gong får ei underfinansiert reform, der kommunane vert sitjande att med rekninga.

Rådmannen går inn for å setja av restbeløpet på kr 439.000 til liggedøgn. Budsjetteknisk vert det vert oppretta eit nytt ansvarsområde, Helse- og omsorg felles, der dei direkte kostnadene til samhandlingsreforma vert ført frå 2012.

Kommunestyret har alt vedteke ein ny legeheimel i 2012, noko som vil kosta ca kr 440.000 på heilårsbasis. Årsverknaden i 2012 vert ca kr 200.000, dersom heimelen vert oppretta frå 1.8.2012. Ein

ny heimel får konsekvens for investeringsrekneskapen, då det må gjerast noko ombyggingsarbeid ved helsehuset for å få plass til ein lege til.

Dei **nye bustadene i Prestbrekka** vert tekne i bruk frå nyttår. Fem bustader vert leigd ut, etter tildeling som er gjort. Leigeinntektene vert fastsett av kommunestyret i eiga sak. Arealet som ikkje vert leigd ut er delt på fellesareal og areal som dei tilsette skal bruka. Fellesarealet skal også nyttast av andre brukarar enn dei som bur i dei nye bustadene. Driftskostnadene er ikkje sikre førebels, men vert anslått til ca 300.000 pr år. Sikrere tal får ein etter eitt års drift.

Ved **Velferdssenteret** har det vore budsjettert kjøp av plassar i andre kommunar med kr 150.000,-. Ut frå det ein kjenner i dag, går rådmannen inn for at desse midlane vert trekt attende i 2012.

Radøy interkommunale busenter er eit interkommunalt tiltak, og budsjettet for 2012 er fastsett, inkl løns- og prisvekst. Dette betyr at eininga ikkje skal tilførast midlar i samband med lønsregulering pr mai 2012. Det vert difor tilført kr 208.000 til dekning av Radøy kommune sin del av driftskostnadene for heile 2012.

I **barne- og familietenesta** vert ekstra midlar til konsulenthjelp tilført i 2011, kr 200.000, trekt attende. Vidare vert ein merkantil ressurs på 50% trekt attende.

Tiltak kring ein ny brukar vert i hovudsak belasta barne- og familietenesta, og kostnadene ved dette vil bli ca kr 500.000 i 2012.

Innafor **VA-området** er sett av årleg netto verknad for kommunerekneskapen, jfr særrekneskapen for vatn og for avlaup. Iht planane skal vass- og avløpstenesta styrkjast med samla sett eitt årsverk frå 1.1.2012, og dette er lagt inn i budsjettet.

I **reguleringspostane** er sett av kr 1 mill til vedlikehald og branntilsyn til seinare fordeling på einingane. I utgangspunktet blir alle vedlikehaldsmidlar på einingane trekte inn i 2012, med unntak av Radøyhallen og VA-området. Vidare er det sett av 4,6 mill til lønsvekst i 2012 og 2,6 mill til pensjonsvekst.

Innsparingskravet på 2,2% er også sett på reguleringspostane.

Rådmannen får fullmakt til å fordela avsette midlar frå reguleringspostane på einingane, medrekna innsparingskravet.

Etter pålagt innsparing på 2,2%, syner skjema 1 A/B eit mindreforbruk på ca 3,1 mill 2012. Utan 2,2% generell innsparing vil mindreforbruket på 3,1 mill bli eit meirforbruk på ca 2,1 mill.

Oppstillinga nedanfor syner korleis innsparingane skal gjennomførast. Tal årsverk er ein illustrasjon, og er ikkje styrande for korleis innsparinga skal gjennomførast.

Innsparing - verknad pr område

	Basis	2,2 %	Ny ramme	Årsverk
Politisk	2 378 000	-52 000	2 326 000	-0,12
Administrasjon	17 110 000	-376 000	16 734 000	-0,84
Kultur, kyrkje etc	11 285 000	-248 000	11 037 000	-0,55
Skule og SFO	63 073 000	-1 388 000	61 685 000	-3,08
Barnehage	27 688 000	-609 000	27 079 000	-1,35
Sosial	7 189 000	-158 000	7 031 000	-0,35
Helse	8 447 000	-186 000	8 261 000	-0,41
Pleie og omsorg	71 840 000	-1 580 000	70 260 000	-3,51
Barne - og familie	19 227 000	-423 000	18 804 000	-0,94
Plan, næring, teknisk	9 681 000	-213 000	9 468 000	-0,47
	237 918 000	-5 233 000		-11,63

Eitt årsverk er sett til kr 450.000,-

Oppvekst

Både skule- og barnehagestrukturen i Radøy har lagt fast i mange år. Råd- mannen ser heller ingen grunn for kommunen til å endra dette, verken på kort eller langt sikt. Føresetnaden er at kommunen legg til rette for ei rimeleg folketalsutvikling i alle krinsane.

Barnehage

I 2011 auka vi kapasiteten i barnehagane kraftig. Då overføringane til barnehage no går inn i rammetilskotet på same måte som overføringane til skule har gjort i 25 år, førte dette til at barnehagebudsjettet auka kraftig. Samstundes oppdaga vi sommaren 2011 at kommunen har mange barn som går i private barnehagar i andre kommunar. Desse har rett til stønad frå sin kommune, og han krev refusjon frå oss, etter statleg fastsette satsar. Barnehageåret 2010/11 gjekk det 229 born i barnehagane i Radøy, noko som då var ny rekord. Barnehageåret 2011/12 går det 249 born i barnehagane i Radøy.

Ei viktig utfordring i sektoren framover vert å tilpassa tilbodet til ein forventet veksande etterspurnad. Samstundes må vi rekna med at staten vil skjerpa krava både til kvalitet og rett til plass, når det økonomiske ansvaret for drifta

no ligg direkte på kommunen. Løysin- ga på kvalitetsarbeidet i barnehagen, finn vi dels i «La linea», og dels i den vedtekne «Kommunal rammeplan for barnehagane i Radøy».

Staten vidarefører i statsbudsjettet ein auke i midlar til kompetanseutvikling i barnehagen, med krav om kommunal oppfølging. Kommunen vil kjøpa naudsynte tenester hjå Nordhordland kursregion, samstundes som vi vil halda fram med lokalt utviklingsarbeid knytt til bruken av «Mange intelligensar» som er eit utviklingsarbeid kom- munen har satsa på dei siste åra.

Grunnskule:

Dei siste 10 åra har elevtalsprognosane for Radøy kommune vore fallande, dvs. det vert færre elevar i framtida. Samstundes har det faktiske elevtalet vore svært stabilt. Prognosen frå oktober 2006 spådde at vi dette skuleåret skulle ha 594 elevar i Radøyskulen, medan GSI (grunnskolenes informa- sjonssystem) syner at det faktiske talet pr 01.10.1 er 657. Etter prognosen frå 2006 skulle Austebygd ha 51 elevar, Hordabø 96, Manger 125, Sæbø 123 og Radøy ungdomsskule 199 elevar skuleåret 2011/2012. Dei nyss innrappor-

Mål for barnehagane

Framleis overoppfylla kravet om full barnehagedekning

Gjennomføra mål og intensjo- nar i den vedtekne «Kommunal rammeplan for barnehagane i Radøy» og å revidera han i tråd med endringar i sentral formåls- paragraf og rammeplan.

Oppfylla barnehagane sin plass i La Linéa

terte GSI-tala syner derimot følgjande; Austebygd har 54 elevar, Hordabø 109, Manger 150, Sæbø 132 og Radøy ungdomsskule 212 elevar. Forklaringa på dette er at Radøy har hatt positiv flytteindeks for skuleborn dei siste 10 åra, sjølv i år der kommunen som heile opplever utflytting. Samstundes varierer flytteindeksen mykje mellom skulekrinsane, noko som fører til store variasjonar i elevtala ved kvar skule, sjølv med stabilt elevtal i kommunen. Seinaste prognose viser (som vanleg) sterkt fallande elevtal (622 skuleåret

Barnehage



12/13 og 608 året etter). Det er såleis ønskjeleg med ei rask tilrettelegging av nye tomtar, særleg i Sæbø og på Manger.

Rehabiliteringsprosjektet for Manger skule har i 2011 konsentrert seg om å produsera grunnlagsdokument for ein arkitektkonkurranse og gjennomføra han. Arbeidet med skulen er no lyst ut i Doffin.

Frå hausten 2012 skal valfag innførast i igjen i ungdomsskulen, i første omgang med 1,5 veketime i 8. klasse.

I tråd med føringar frå skuleutvalet og


kommunestyret ønskjer rådmannen å styrkja den tidlege innsatsen. Dersom vi får alle med gjennom småskulen, har vi lagt eit viktig grunnlag for skulemeistring for alle elevane. Avgjerande for at ein elev kan «vera med», er at han eller ho kan lesa tilfredsstillande. Rådmannen ønskjer såleis å styrka lese/skriveopplæringa med inntil 1,5 mill, men vil samstundes endra organiseringa av §5/spesialundervisning slik at vi dekkar inn tilsvarande beløp. Rådmannen meiner vidare at det same konseptet må nyttast i arbeidet med dei framandspråklege elevane i grunnskulen. Tilbodet om særleg norskopplæring må avsluttast når dei kan følgja

den vanlege undervisninga. Samstundes må ein del frigjorde midlar samlast og nyttast til å gje dei som nett har landa eit heilskapleg introduksjonstilbod.


Elevtal pr skule

	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16
Austebygd skule	54	54	54	49	47
Hordabø skule	109	110	110	105	97
Manger skule	150	145	132	139	139
Sæbø skule	132	124	118	118	120
Radøy ungdomsskule	212	189	194	205	212
SUM	657	622	608	616	615

Netto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr innb. 6-15 år



Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Mål for grunnskulen

Tilstandsrapporten skal utvidast i høve til 2010 og 2011.

Delen av born med kritisk lese-dugleik skal reduserast med 10 prosentpoeng kvart år fram mot 2014.

Delen av elevar med spesialundervisning skal vera under det nasjonale snittet innan 2014

Radøy skal ha færre elevar på meistringsnivå 1 i 5. klasse og nivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse enn landssnittet, når dei nasjonale prøvane i lesing vert gjennomført hausten 2014

Rådmannen ønskjer å styrka skuleleiinga, ma. ved å vurdera alternative leiingsmodellar.

Arbeidet med å finna tenlege løysingar heldt fram.

For å nå desse måla må La Linéa (tiltaksdelen i kvalitetsmeldinga kommunestyret vedtok i april 2011) gjennomførast. Dette krev innsats i heile organisasjonen Radøy kommune, og at det finst ressursar som kan prioritera å halda implementeringa på sporet.

Eit naudsynt grep vert å utarbeida kompetanseplan for barnehage og skule.

Både barnehagar og skular vil halda fram å nytta brukar- og medarbeidarundersøkingar for å korrigera eigen praksis, men no annankvart år. Omgrepet «tidleg innsats» gjeld ikkje berre innsats ovanfor barna, men også ein medviten praksis for eit tettare samarbeid mellom skulen og foreldra, og for å styrkja foreldra i rolla som (hjelpe-) lærar og førebilete for barna.

Rådmannen viser elles til målekorta frå dei einskilde barnehagane og skulane som vert lagt fram som eiga sak.

Helse og omsorg

Folkehelse og livskvalitet oppstår på bakgrunn av levekår og livsstil. Derfor må førebygging og folkehelsearbeid skje på tvers av alle sektorar og forvaltningsnivå, «helse i plan» skal gjelde alle partar, ikkje berre helsesektoren i kommunen.

Samhandlingsreforma vil utvide kommunen sitt ansvar på helseområdet. Det førebyggjande arbeidet skal styrkast, og oppgåver flyttast frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Det nye lovverket som trer i kraft 1.1.2012 tydeleggjer kommunen som ansvarleg i høve til å styrke folkehelsa.

Mykje av arbeidet er forankra regionalt, i eit samarbeid via Regionrådet. I regi av regionrådet har vi ulike prosjekt og utgreiingar for å sjå på felles tiltak i Nordhordland, mellom anna regional helse- og omsorgsplan (ferdig våren 2012), arbeid med eit felles helsehus for regionen, tiltak innan kompetanseheving, og brukarretta tiltak i høve læring og meistring. Ei gruppe har sett på rehabiliteringsbehovet, og har gitt innstilling til felles tiltak her.

Kommuneplanen for 2011-2023 har skissert følgjande overordna mål for helse og omsorg:

God ressursforvaltning


Det er eit behov for ei kartlegging av behova i planperioden, slik at vi ut frå dette kan setje inn dei ressursar vi har på rett stad til rett tid. I den økonomiske situasjonen Radøy står i, er det viktig for oss å prioritere dei tiltak som forskning viser har effekt. I budsjett for 2012 har vi lagt inn ein ny legeheimel som i tillegg til å avhjelpe behov for fastlege, skal ha 40% offentleg legearbeid. Denne ressursen skal nyttast opp mot behov som følgjer av samhandlingsreforma; som rehabilitering, folkehelsearbeid, planleggingsarbeid og vere direkte knytt til medisinsk fagleg arbeid opp mot observasjonsenger som kommunen må opprette for å ta i vare øyeblikkeleg-hjelp-plikta og auken i utskrivning frå sjukehus. Vi har også auka fysioterapiressursen med 20% med tanke på rehabilitering. Denne blir finansiert av overførte midlar frå staten som skal dekke betaling for utskrivingsklare pasientar og medfinansiering..

Reduksjon i sosiale helseskilnader gjennom inkludering og likeverdig tilgang til helse-, omsorgs-, og velferdsstenester. Ein meningsfylt kvardag for alle

Barne- og familietenesta arbeider tverrfagleg med tidleg intervensjon i familiar med utfordringar. Vi har i 2011 søkt om tilskot til nye stillingar i barnevernet, og ventar på svar frå fylkesmannen. Kommuneoverlegen peikar også på behovet for å utvikle samarbeid på tvers av fagområda i kommunen, for å kunne møte framtidige utfordringar innan folkehelsearbeid og førebyggjande arbeid. NAV sosial har mellom anna oppfølging av flyktningar som ei oppgåve, og vi har tverrfaglege møter for å gjere inkludering til ei sak for alle sektorar i kommunen.

Dagtilbod er peikt på å vere eit effektivt tiltak for å betre meistring og meining, og kan bidra til å utsetje behov for institusjonsplass i mange tilfelle. Radøy matsørvis er og ein viktig aktør i høve det å kunne bu heime lengst mogeleg. Vi har gode dagtilbod for utviklingshemma og for eldre, men må også tilretteleggje for psykisk sjuke og menneske med rusproblematikk. Departementet har som mål at det innan

Netto driftsutgifter pleie- og omsorgstenester pr innb. over 67 år



Brutto utgifter til institusjon pr plass




Diagramma til venstre syner KOSTRA-tal for pleie- og omsorgstenester. Tala er frå 2010, og er dei nyast tilgjengelege samanliknings-tala vi har. Kommunegruppe 02 er kommunar som kan samanliknast med Radøy, etter definisjonar gitt av Statistisk sentralbyrå.

Det øvste diagrammet syner netto driftsutgifter - dvs summen av utgifter med frådrag av eigebetalningar, tilskot og refusjonar. Det nedste diagrammet syner brutto utgifter til institusjon - pr plass.

2015 skal vere dagtilbod for demente i alle kommunar, og kjem i åra som kjem med stimuleringstilskot i høve dette. På sikt skal tenesta vere lovpålagt. I BF tar vi i 2012 bruk 5 nye bustader for utviklingshemma, som også er med på å sikre brukarane her aktiv deltaking i samfunnet.

Heilskaplege og koordinerte tenester for brukarane. Auka livskvalitet for kronikarane

Dette er essensen av samhandlingsreforma. Brukar skal oppleve at tenestene er såkalla saumlause, dei skal sleppe å «administrere» sitt forløp som pasient, det skal kommune og helseforetak gjere i lag. Det er og ein vedteken filosofi - støtta av forskning – at pasienten profitterer på å få hjelpa nærast mogeleg heimen, i den grad det er medisinsk forsvarleg. Dette medfører at vi vil prøve å få ned tal innleggingar der vi kan gi ei forsvarleg teneste i heimen eller i kommunalt/ interkommunalt tilbod, og at vi skal ha eit godt nok utbygd heimeteneste- og institusjonstilbod til å kunne ta imot dei som er ferdigbehandla i sjukehus. For kronikarane og skrøpelege eldre er det ei målsetting at samarbeid pasient-

fastlege-heimeteneste-institusjon skal vere så godt at vi tidlegast mogeleg kan forutsjå situasjonar som vil krevje tiltak, og i større grad enn før klare å gi eit tilpassa tilbod i kommunen. Vi har også kjøpt inn ein modul for elektronisk meldingsutveksling mellom helseforetaket og kommunen, og mellom instansane i kommunen, dette for å sikre flyt i naudsynt informasjon.

Utfordringa er at vi får overført ein sum som i utgangspunktet er meint å dekke faktisk kostnad ved medfinansiering og ved liggedøger for utskrivingsklare pasientar. Av denne summen skal vi og byggje opp tilbod i kommunen for å prioritere forebyggjande og helsefremjande arbeid, noko som på sikt skal betre folkehelsa, og stoppe utviklinga i behov for helsetenester vi ser i dag. Det vil ta noko tid før vi kan sjå effekten av samhandlingsreforma, både fagleg, i høve kompetanse og personalbehov, og økonomisk.

Ha tilstrekkeleg personell i høve behova i planperioden. Høg grad av breddekompetanse


Som tidlegare vist har vi utfordringar på bemanningssida i åra som kjem.

Vi har estimert opp mot 63% avgang innan einingar i pleie og omsorg, og det vil i framtida måtte satsast på rekruttering, bruk av omsorgsteknologi, prioritering av kva oppgåver det offentlege skal ta og kva som må samarbeidast med andre om. Dette krev høg grad av brukarmedverknad, og ei vidareutvikling av samarbeidet med frivillige organisasjonar. Vi driv kontinuerleg kompetansebygging blant våre tilsette, alt frå breddeprosjekt (lindrande behandling) til utdanning (4 nye helsefagarbeidarar utdanna i kommunen) og enkelttiltak med tilskot frå kommunen.



Netto driftsutgifter


kommunehelseteneste pr innb




Det øvste diagrammet syner netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta. Det ligg ikkje føre samanlikningstal tidlegare enn 2009.

Det nedste diagrammet syner kostnadene til forebyggjande helsearbeid, definert som helsestasjon, jordmor m.v. Dette er ein del av Barne- og familietenesta i Radøy kommune.


Netto driftsutgifter helsestasjon/jordmor



Sosialtjenesta prioritering og einingskostnad



Barnevern Dekningsgrader



Plan, næring og teknisk

Eining for plan, næring og teknisk vart med verknad frå 1. oktober 2011 delt i to. Ei teknisk driftseining og ei teknisk forvaltningseining. Driftseininga famnar om teknisk drift, kommunal eigedom, veg, vatn og avløp. Eininga har fått Tore Rikstad som ny einingsleiar. Forvaltningseininga famnar om plan, byggesak og oppmåling, og held fram med Tonje Nepstad Epland som leiar.

Plan, byggesak og oppmåling har etter delinga 6 tilsette i 5,1 årsverk, pluss leiar. Tilsetterressursar er fordelt med 1,5 årsverk på byggesak, 1,3 årsverk på plan, 2 årsverk på kart/oppmåling og ein tverrfagleg prosjektkoordinator i 0,5 årsverk. Med verknad frå 01.01.12 vert kart/oppmåling redusert med 0,4 årsverk.

Byggesaksavdelinga har hatt jamn saksinngang i 2011. Det er gjeve løyve til ca 30 nye bustadeiningar og ca 5 nye fritidsbustader i 2011. Tilbygg/påbygg/ending av eksisterande bygg, saman med garasje/uthus, utgjør volumet innafor byggjesak. Tal søknader som gjeld mindre tiltak har auka i 2011. Auken kan vere eit signal om at det er fleire mindre tiltak, som tidlegare bare ville vorte bygde, som no vert bygge-meldt. Dette er ei positiv utvikling.

Prosjektkoordinatoren ved eininga har i periodar med stor saksinngang vore disponert i alminneleg sakshandsaming på byggesak. Dette for å halde sakshandsamingstida på byggesak stabilt på tre veker, og innafor lovfesta sakshandsamingstid. Det er i 2011 innført mottakskontroll på byggesak og plan ein fast dag i veka. Dette for at søker skal få melding om mottak og eventuelle manglar innan fem virkedagar. Bransjen har i 2011 reagert positivt på rask responstid.

Byggesak og plan har også i 2011 hatt utfordringar knytt til ny plan- og bygningslov, som trådte i kraft 1. juli 2010, med siste endringar 1. juli 2011. Sakene som kjem inn etter nytt lovverk er framleis i stor grad mangelfulle, og mykje tid går med til feilretting og rettleiing. Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn (NGIT) har «lagt nede» etter at einaste tilsette slutta i stillinga i september 2010, samstundes tredde lovpålagt krav om tidsavgrensa tilsyn i kraft 01.11.11. Med NGIT ute av drift, og krav om tidsavgrensa tilsyn, har byggjesaksavdelinga omfattande auka arbeidsoppgåver innafor tilsynsområdet.

Som ledd i arbeidet med tidsavgrensa

Mål for PNT

Sakshandsaming på delegerte byggesaker: Vedtak innan 21 dagar (gjeld ikkje dispensasjonssaker)

Rullere trafikksikringsplanen i 2012

Utvikle gode informasjonsrutiner retta mot innbyggjarane innanfor alle fagfelta på PNT. Spesielt fokus på informasjon på nettsida, men også annonsering i lokalavisene.


tilsyn krev byggjesak inn meir dokumentasjon enn normalt i samband med søknad om ferdigattest. I denne samanheng har det vorte avdekket omfattande og alvorlege manglar i dei ansvarlege søkerane sine interne rutinar og system. Tilhøva er alarmerande for kvaliteten i byggjeprojekta, og bør prioriterast for vidare oppfølging.

Prosjektkoordinator ved eininga har sidan hausten 2010 vore prosjektansvarleg for prosjekt ulovlege tiltak. Prosjektet prioriterer oppfølging av saker etter kor alvorleg saka er. Med alvor ser ein både til kva type lovbrøt det er snakk og kor vidt dei ulovlege tilhøva medfører ei særskilt fare for helse, miljø og tryggleik. I 2010/2011 har prosjektet hatt fokus på alvorlege tilhøve i strandsone, ulovleg innreiing av næringsbygg til bustadformål, sikring av farlege bygg og ulovleg utslepp. I 2012 vil prosjektet i tillegg setje fokus på branntryggleik på campingplassar. Normal sakshandsamingstid for ei sak om ulovlege tiltak er 1 til 3 år. Eininga har for tida ca 40 pågåande saker om ulovlege tiltak, og 12 saker som er heilt ferdig handsama sidan prosjektstart hausten 2010.


Saksframlegg til Hovudutval for plan, landbruk og teknisk, i eit stort tal dispensasjonssaker, er framleis tidkrevjande arbeid. Tal klagesaker frå regionale mynde, på innvilga dispensasjonar, har også auka hausten 2011. Dette truleg som ein respons på eit stort tal positive dispensasjonsvedtak.

På planavdelinga er det rulling av Kommuneplan for Radøy som har teke mest tid og fokus i 2011. Planen vart

Tal byggjesøknader pr 1000 innb.



Del byggjesøknader frå nyinnflytta



lagt ut på høyring i mai 2011 og responsen frå regionale mynde og andre høyringsinstansar var positiv. Det har i kommuneplanprosessen vore fokus på å få på plass gode føresegne som gjev grunnlag for berekraftig utvikling med omsyn til både vekst og bevaring. Fylkesmannen fremja motsegn mot bustadområdet på Mangersnes og hytteområdet på Syltneset, men motsegna vart trekt etter dialogmøte. Kommunestyret valde å ta inn bustadområdet på Mangersnes i kommuneplanen, medan hytteområdet på Syltneset ikkje vart tatt med. Ny kommuneplan for Radøy for perioden 2011-2023 vart endeleg vedtatt 29. september 2011, og tredje i kraft umiddelbart.

To reguleringsplanar vart vedtekne i september 2011. Reguleringsplan for camping på Sletta Kai og Fritid, og for bustadområdet i Austmarka øvre. Det er i 2011 meldt oppstart på tre reguleringsplanar. Områdeplan for Storheim-Austmarka, som vert utarbeidd som ein privat områdeplan, reguleringsplan for næringsområde Storsandvik, og reguleringsplan for bustadfeltet Langhøyane. Det har også vorte handsama eit tal mindre reguleringsendringar.

Planavdelinga har samstundes hatt jamn inngang av delingssaker, både i regulerte felt og i LNF-område. Det har vorte handsama ca 30 saker om dispensasjon frå LNF-område/strandsone på planavdelinga.

Oppmålingsavdelinga har no 2 års erfaring med ny lov om eigedomsregistrering (matrikkellova). Ny lov fører til vesentleg meir kontorarbeid enn etter tidlegare lov, og meir arbeid som ikkje kjem direkte inn under gebyrregulativet. Arbeid med å få avslutta saker etter gamalt lovverk pågår framleis, og er tidkrevjande.

Det har ikkje vore dei store feltutbyggingane i 2011. Dette har påverka saks- og gebyringgangen. Einskildesaker har vore i fleirtal i 2011. Talet på slike saker har vore stabilt dei siste 10 åra. Realisering av bustadfelt i Austmarka øvre og Langhøyane gjev potensiale for større saks- og gebyringgang på kart/oppmåling i 2012/2013.

Radøy kommune har sjølv teikna plankartet for den nye kommuneplanen, og kart/oppmåling har nytta store ressursar i dette arbeidet i 2011.

I 2012 vil kart/oppmåling i større grad verte trekt inn i reguleringsplansaker, som ei kvalitetssikring opp i mot dei private aktørane. Dette då erfaringa syner at låg kvalitet i det karttekniske planarbeidet gjer realisering av reguleringsplanar vanskeleg, og trongen for seinare endringar stor.

Kart/oppmåling tek i vare matrikelarbeidet, og syter for at matrikkelen vert oppdatert løpande i samsvar med løyve frå plan og byggesak. Retting av feil i kart og matrikkel er også eit arbeid som pågår til ein kvar tid.

Adresseprosjektet vart nær ferdigstilt i 2010, men nokre mindre arbeid vart endeleg avslutta i oktober 2011.

Kommunane er pålagd å halde oppmålingsforretningar for kommunal all veggrunn innan 31.12.12. Dette arbeidet vil krevje tid og ressursar i 2012.



Hovudoversikt vatn Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År		Investering	Sum avskr	Renter	Drifts- utgifter	Inntekter	Resultat	Fond	Gebyr +/-
2010	Rekneskap	2 931 000	1 194 000	776 000	3 093 595	5 544 679	(481 084)	1 968 126	-10 %
2011	Budsjett	900 000	1 266 000	793 000	2 800 000	5 354 000	(495 000)	2 463 126	0 %
2012	Budsjett	5 400 000	1 349 000	935 000	2 950 000	5 405 000	(171 000)	2 634 126	0 %
2013	Budsjett	4 000 000	1 416 000	1 172 000	2 950 000	5 457 000	81 000	2 553 126	0 %
2014	Budsjett	3 100 000	1 479 000	1 237 000	2 950 000	5 509 000	157 000	2 396 126	0 %
2015	Budsjett	5 700 000	1 595 000	1 401 000	2 950 000	5 560 000	386 000	2 010 126	0 %

Hovudoversikt avlaup Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År		Investering	Sum avskr	Rente	Drifts- utgifter	Inntekter	Resultat	Fond	Gebyr +/-
2010	Rekneskap	-	609 000	365 000	1 460 498	2 676 459	(242 000)	(551 541)	5 %
2011	Budsjett	-	607 000	348 000	1 460 000	2 713 000	(298 000)	(253 541)	0 %
2012	Budsjett	800 000	587 000	356 000	1 610 000	2 747 000	(194 000)	(59 541)	0 %
2013	Budsjett	2 400 000	641 000	477 000	1 610 000	2 907 000	(179 000)	119 459	5 %
2014	Budsjett	4 700 000	738 000	635 000	1 610 000	3 078 000	(95 000)	214 459	5 %
2015	Budsjett	-	738 000	635 000	1 610 000	3 115 000	(132 000)	346 459	0 %

Bygg eigedom og VVA

Det er ca. 55 km kommunale vegar i Radøy kommune. Dei fleste av desse har gjennom dei siste 10 åra fått fast dekke, men dårleg underlag gjer at det stadig må gjerast vedlikehald og nye investeringar. Rådmannen legg opp til noko mindre investering i 2012 enn dei føregåande åra. Det er sett av kr. 500 000,- mot tidlegare år 1 mill. Det har vore tatt eit stort etterslep dei siste åra, og med kommunen sin økonomi meiner meiner rådmannen at 500 000 er ein rettsum.


Radøy kommune har ein omfattande bygningsmasse med blanding av nytt og gammalt. I eigedomsmassen inngår mellom anna fem skulebygg, velferds-senter, helsehus, fem barnehagebygg omsorgs- og trygdebustader, idretts- og symjehall. Total bygningsmasse er på ca. 30 000 m². Eigedomane har varierende byggtknisk kvalitet. Rådmannen er opptatt av at kommunen skal ha kompetanse og engasjement på eigarsida. I dag har me ei avdeling med ingeniør som leiar og teknisk fagpersonell som driv tenesta. Rådmannen ønskjer at det skal arbeidast systematisk og målretta i tenesta og vil i løpet av

2012 starte eit prosjekt der ein vil sjå på rutinar, prioriteringar og utnytting av kompetansen til dei tilsette. Det er sett av totalt 1 mill i driftsbudsjettet til vedlikehald av bygningsmassen. Dette utgjer godt under 2 promille av den totale verdien på bygningsmassen gitt verdien er ca. 20 000 pr m². Dette utgjer 30 kr. pr m². Ifølgje KS sin rettleiar «Betre eigedomsforvaltning og vedlikehald» vil alt under 50 kr. pr. m² vere i raud sone. Total rehabilitering på kommunale bygg må gjennomførast etter 20 år.

For å koma i såkalla grøn sone må det setjast av 100 kroner pr. m². Dersom me skal nå dette målet må ein setja av 3 millionar kroner til vedlikehald. Rådmannen vil prioritera vedlikehaldsmidlane og brannførebyggjande tiltak som er naudsynt for å halde seg innanfor lovverket, samt naudsynt førefallande vedlikehald. Det er eit ønskje om å starte arbeidet med å laga ein vedlikehaldsplan for eigedomane til kommunen.



Årsgebyr vatn



Årsgebyr avløp




Diagramma til venstre er basert på KOSTRA-tal frå 2010. Vi ser at Radøy så langt har lagt høgt på avløpsgebyr.

Årsgebyr vatn ligg meir på «normalen», og faktisk under kommunegruppe 2.

Hovedoversikt investering

	Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Sal av driftsmidler og fast eiendom	-	(2 000 000)	(2 000 000)	(4 307 943)
Andre salsinntekter	(187 000)	(187 000)	(187 000)	(256 874)
Overføringer med krav til motyting	(6 712 000)	(70 000)	-	(615 200)
Statlege overføringer	-	-	-	(2 650 000)
Andre overføringer	-	(3 639 000)	(2 700 000)	(2 757 300)
Sum inntekter	(6 899 000)	(5 896 000)	(4 887 000)	(10 587 316)
Lønsutgifter	-	-	-	673 515
Sosiale utgifter	-	-	-	146 073
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. ei	22 100 000	29 220 000	42 570 000	9 506 197
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigen	1 300 000	852 000	852 000	-
Renteutgifter, provisjonar og andre finanskostna	-	200 000	-	2 009 981
Overføringer	-	-	-	1 663
Fordelte utgifter	-	-	-	389 925
Sum utgifter	23 400 000	30 272 000	43 422 000	12 727 353
Avdragsutgifter	-	-	-	2 073 354
Utlån	3 000 000	3 000 000	3 000 000	4 350 000
Kjøp av aksjar og andelar	600 000	600 000	600 000	609 967
Avsett til bundne fond	-	-	-	1 534 914
Sum finansieringstransaksjonar	3 600 000	3 600 000	3 600 000	8 568 235
Trong for finansiering	20 101 000	27 976 000	42 135 000	10 708 273
Bruk av lån	(18 577 000)	(25 764 000)	(39 523 000)	(6 504 369)
Mottekne avdrag på utlån	-	-	-	(3 054 861)
Overføringer frå driftsrekneskapen	(1 524 000)	(2 212 000)	(2 612 000)	(326 000)
Bruk av bundne fond	-	-	-	(823 042)
Sum finansiering	(20 101 000)	(27 976 000)	(42 135 000)	(10 708 273)
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Investeringar i anleggsmidler	24 000 000	30 872 000	44 022 000	13 335 658
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	4 350 000
Avdrag på lån	-	-	-	2 075 017
Dekking av udekket frå tidlegare år	-	-	-	1 534 914
Avsetningar	27 000 000	33 872 000	47 022 000	21 295 588
Trong for finansiering i året	(18 577 000)	(25 764 000)	(39 523 000)	(6 504 369)
Bruk av lånemidler	-	(2 000 000)	(2 000 000)	(4 307 943)
Inntekter frå sal av anleggsmidler	-	-	-	(2 650 000)
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	(6 712 000)	(70 000)	-	(3 670 061)
Andre inntekter	(187 000)	(3 826 000)	(2 887 000)	(3 014 174)
Sum ekstern finansiering	(25 476 000)	(31 660 000)	(44 410 000)	(20 146 546)
Overført frå driftsbudsjettet	(1 524 000)	(2 212 000)	(2 612 000)	(326 000)
Bruk av avsetjingar	-	-	-	(823 042)
Sum finansiering	(27 000 000)	(33 872 000)	(47 022 000)	(21 295 588)
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Investering

Budsjettskjema 2B syner forslag på samla investeringar 27 mill i 2012. Dei største postane er

- Manger skule 5 mill
- Oppgradering helsehuset 2 mill
- Ungdommens hus 1,7 mill
- Ny utgåve av bygdebok 1,3 mil
- Oppgradering kjøkken ungdomsskulen 1 mill

- Utvendig utbetring av Velferds-senteret 1 mill
- Vegløyning Austmarka Øvre 1 mill

Bygdeboka kjem med ny utgåve i 2012. Kontrollutvalet og revisjonen har tidlegare konkludert med at bygdeboka ikkje kan førast som investering,

men skal takast med i drifta. Kommunestyret har bede om at det blir vurdert å ta bygdeboka inn i driftsrekneskapen frå 2012. Slik den økonomiske situasjonen vert i 2012, ser rådmannen det som utelukka å ta bygdeboka inn i drifta. Dersom dette vert eit krav, vil arbeidet med bygdeboka måtta stoppast frå 2012. Ut frå tidlegare signal går rådmannen inn for at arbeidet held fram i 2012, og at kostnaden vert ført

Budsjettskjema 2B		Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Prosj					
1280	Utskrifning av bilar	500 000	-	500 000	-
1438001	Olsvollstranda vegframføring	-	1 250 000	-	-
1520	Kulturminnevern	-	100 000	100 000	-
1521	Bygdebok	1 300 000	852 000	852 000	1 234 619
1529	Ungdommens hus	1 700 000	-	-	-
1530005	Tribune Radøyhallen	-	-	-	111 053
1530006	Utskifting filteranlegg hovedbasseng	-	-	-	823 013
1530007	Solarium	-	-	-	119 059
1530008	Utstyr terapibasseng	-	200 000	-	-
1582001	Sæbø kyrkje oppgradering 2007-10	-	-	-	350 000
1582003	Reiskapshus Sæbø kyrkje	-	200 000	-	-
1583	Investering kyrkjer	700 000	420 000	350 000	-
1584	Varmeplan kyrkjer	-	-	70 000	-
1592	Sæbø kyrkjegard	-	-	-	88 812
1908012	Skule/barnehageadm program	-	-	-	84 328
1908014	IP telefoni Barne- og familie	-	-	-	108 081
1908016	Plotter	-	-	-	152 902
1920	Mindre investeringar	1 000 000	637 000	1 000 000	-
1960	Ladepunkt for el-bil	-	-	-	273 430
2110004	Austebygd skule parkeringsplass	300 000	-	-	-
2121	Hordabø skule utemiljø	100 000	-	-	-
2130003	Manger skule utbygging	5 000 000	500 000	6 000 000	87 577
2130004	Manger skule SD-anlegg	-	-	-	613 152
2130005	Manger skule gjerde	-	200 000	-	-
2140001	Utbygging Sæbø skule	-	1 500 000	-	93 203
2190007	Oppgradering Radøy ungdomsskule	1 000 000	1 000 000	3 000 000	-
2190009	Radøy ungdomsskule utskifting vindu	-	1 000 000	-	-
2712002	Bø barnehage oppgradering	-	500 000	500 000	115 504
2712003	Bø barnehage nye plassar 2010/11	-	-	-	1 161 315
2713002	Oppgradering og vognskur	-	170 000	-	1
2714001	Ombygging Sæbø barnehage 2009	-	-	-	82 190
3133002	Bil RIB	-	140 000	-	-
3210001	Velferdssenteret utbygging 2007-09	-	-	-	65 456
3210003	Parkeringsplass ved Velferdssenteret	-	-	-	131 500
3210004	Oppgrad lysanlegg	-	500 000	-	-
3210005	Aggregat Velferdssenteret	-	223 000	-	-
3210006	Velferdssenteret utvendig oppgradering	1 000 000	-	-	-
3215001	Oppgradering kjøkken	-	-	-	1 183 113
3220001	Heimetenesta - bilar	-	280 000	-	-
3220002	Heimetenesta - garderober	300 000	-	-	-
3221010	Trygdebustader Lunde	-	-	-	5 754
3230001	Omsorgsbustader Prestbrekka	-	15 000 000	15 000 000	-
3235001	Radøy arbeidssenter	-	-	-	2 794 027
5202	Startlån (lån)	3 000 000	3 000 000	3 000 000	7 018 870
5210	Startlån (fond)	-	-	-	823 042
6101002	Oppgradering fasade	500 000	-	500 000	-
6101003	Oppgradering kinosal	100 000	-	-	-
6103001	Helsehuset ombygging	2 000 000	-	2 000 000	-
6105001	Dale grendahus oppgradering	-	700 000	-	-
6107	Hesthaugen	-	1 300 000	-	-
6154	Austmarka øvre	1 000 000	-	4 000 000	-
6202	Dugnadsanlegg	-	200 000	200 000	-
6210003	Aggregat Kolåseidet	-	-	-	-
6215001	Vassprosjekt 2007-11	-	600 000	5 000 000	-
6215002	Ringleidning Kartveit - Kolåseidet	-	300 000	-	2 931 461
6215004	Oppgradering driftssentral vatn	-	600 000	-	-

Budsjettskjema 2B		Budsjett 2012	Budsjett 2011 regulert	Budsjett 2011 opprinneleg	Rekneskap 2010
Prosj					
6215005	Vassprosjekt 2012 - 16	5 400 000	-	-	-
6220	Bil SU4205 - kloakk og vaktmesterteneste	-	-	-	117 805
6221	Bil SD 55460	-	300 000	-	-
6310001	Kloakk oppgradering 2007-11	-	-	3 000 000	-
6310005	Kloakk oppgradering 2012 - 16	800 000	-	-	-
6510002	Brannvernustyr	-	150 000	150 000	-
6700002	Oppgraderingar 2008-11	-	1 250 000	1 000 000	-
6700003	Oppgradering 2012-15	500 000	-	-	-
6764	Trafikksikring	200 000	200 000	200 000	-
6764002	Trafikksikring Sæbø skule	-	-	-	-
9000	Finanstransaksjonar	600 000	600 000	600 000	726 323
		27 000 000	33 872 000	47 022 000	21 295 590

i investeringsrekneskapen, trass i at dette strir mot god rekneskapskikk.

Trykking av bind 4 er no ute på anbod, og det er ikkje visst kva faktisk trykkekostnad vil bli. Dersom tilboda avvik vesentleg frå dei føresetnadene som er lagt til grunn i budsjettet, vil rådmannen straks orientera formannskapet.

Ungdommens hus har vore ein gjengangar i budsjetta i fleire år. No har ein fått tilbod på arbeida, og etter planen kan desse starta tidleg i 2012. Kostnadsoverslaget er på ca 1,7 mill, medrekna uføresette postar. Rådmannen går difor inn for å setja av 1,7 mill i 2012.

Kinosalen treng sårt noko oppgradering, og rådmannen går inn for å setja av kr 100.000 til dette i 2012.

I Manger kyrkje og Hordabø kyrkje vert det arbeidd med ein varmeplan, for å få til noko meir energiøkonomiske varmesystem. Det vart løyvt kr 70.000 til tiltaket i 2011. Ein er no i utgreiingsfasen, og det vil truleg vera mogeleg å setja i verk tiltak i løpet av 2012. Det er likevel fleire utfordringar på vegen, m.a. knytt til fysisk utforming og plassering av varmelegg. Særleg gjeld dette Manger kyrkje, der det vert sett antikvariske krav. Det ligg førebels ikkje føre kostnadsoverslag, men rådmannen går inn for å setja av kr 500.000 som ei intensjonsløyving i 2012. Saka vert å koma attende til når det ligg føre meir presise kostnadsoverslag.

Etter kyrkja sin investeringsplan skal det kjøpast ny kyrkjegardsbil i 2012. Rådmannen går inn for å løyva kr 200.000 til dette.

Det vert sett av ein samlepost på kr 1 mill til **mindre investeringar** i 2012. Dette inkluderer også turvande investeringar i IKT. Rådmannen får fullmakt til å disponera desse midlane. Melding om bruk av midlane skal sendast formannskapet.

Ved **Austebygd skule** har parkeringstilhøve vore problematiske i lengre tid, og ein har sett på fleire løysingar for å betra situasjonen. Det ligg ikkje føre endeleg kostnadsoverslag på tiltaket, men rådmannen ber likevel om at det vert sett av kr 300.000 til føremålet i 2012.

Ved **Hordabø skule** vert det sett av kr 100.000 til ferdiggjering av uteområdet.

Det vert sett av 5 mill til **Manger skule** i 2012. Det er førebels ikkje gjort endelege vedtak om korleis oppgraderinga av anlegget skal gjerast, men det vert arbeidd med å avklåra dette snarast råd. Rådmannen legg til grunn at arbeid kan startast opp i andre halvår 2012.

Arbeidet med oppgradering av **Radøy ungdomsskule** held fram også i 2012. Oppgradering av kjøkkenet var opprinneleg teke med i 2011-budsjettet, men vert no flytta til 2012.

Ved **Velferdssenteret** er det trong for utvendig oppgradering av bygningane. Det er førebels ikkje utarbeidd detaljert kostnadsoverslag over arbeida som må gjerast, og summen på 1 mill er såleis eit grovestimat. Endelege omfang av arbeidet og kostnadsoverslag skal leggjast fram for formannskapet.

Heimetenesta har lokale i Velferdssenteret, men har til no mangla tilfredsstillande garderobetilhøve for dei tilsette. Det er sett på mogeleg løysingar, og kostnadene til eit garderobeanlegg er estimert til kr 300.000,-. Rådmannen meiner at gardero-bane må på plass i 2012.

Ved **helsehuset** er det trong for oppgradering på fleire område. Rådmannen går inn for å setja av kr 2 mill til oppgraderingsarbeid i 2012, og at bruken av midlane vert nøye prioritert.

I formannskapsmøte 10.11.2011 vart det lagt fram eiga sak om **rehabilitering av rådhuset**. Saka vart ikkje realitetshandsama, men det kom fram at tiltaket skulle vurderast saman med budsjettet for 2012. Det er henta inn tilbod på utbetring av fasaden, der totalkostnaden medrekna uføresette kostnader er 2,1 mill. Rådmannen meiner at heile arbeidet vert for omfattande, og at ein må prioritera dei viktigaste delane av prosjektet: utbetring av trapp, mur og puss ved utgang kinosal og nødvendig mur/puss i fasadar. Det må vurderast alternative løysingar for å fjerna fargesmitte på fasadeplatene. Dei dårlegaste vindaugo bør også skiftast, dersom dette kan løysast på ein tilfredsstillande måte, både visuelt og byggtknisk. Rådmannen går inn for å setja av kr 500.000 til dette tiltaket.

I samband med utbygging av **Austmarka Øvre** må det etablerast ei ny trafikkløysing ved noverande avkøyring til Austmarka. Dette er viktig trafikksikringsarbeid, og kommunen legg til grunn at Statens Vegvesen vil ta ein del av kostnaden ved løysinga. Det vert difor sett av kr 1 mill som Radøy kommune sin del i ny trafikkløysing.

Radøy kommune eig etter kvart ein del **bilar**, og det vil vera trong for løypande utskrifting av bilparken. Særleg heimetenesta er «storbrukar» av bilar. Det har vore vurdert leasing av bilar, men kostnaden ved leasing er i praksis høgare enn kostnaden ved å eiga sjølv. Det vert anten kjøpt nye bilar på grøne skilt, som gir momskompensasjon, eller brukte bilar på kvite skilt dersom det er nødvendig for persontransport. Det vert sett av kr 500.000 til kjøp av bilar i 2012.

Det er ønskeleg å halda fram med oppgraderinga av kommunale vegar, og rådmannen går inn for å setja av kr 500.000 til føremålet i 2012.

Investeringane i vatn og avlaup følgjer vedtekne planar for desse områda.

Skjema 2A syner at vi greier finansiera det aller meste av investeringane i 2012 med unyttta lånemidlar og tilskotsmidlar. Unyttta lånemidlar skriv seg frå 2010 og 2011. I 2012 får kommune tilbakebetalt forskottering på veg frå Hordaland fylkeskommune, og investeringstilskot knytt til bustadene i Prestbrekka frå Husbanken. Desse midlane vert fullt ut nytta til finansiering av investeringar.

Økonomiplan 2012- 15

Økonomiplanen 2012-15 er i hovudsak ei vidareføring av 2012-tala.

Rådmannen har starta eit arbeid med å greia ut overgang frå Helse Vest IKT som leverandør av tenester innafør helsenett og sikre soner. I dei andre kommunane i Nordhordland leverer IKT Nordhordland nokolunde tilsvarende tenester, inkludert i deltakaravgifta. Det er likevel ein vesentleg skilnad ved at Helse Vest leverer full 24-7 dekning, noko IKT Nordhordland ikkje leverer. Utgreiinga vil syna fordelar og ulemper ved endring av leverandør, der økonomien nok vil vega tungt. Det er lagt inn ei mogleg innsparing i 2013.

Årsverknaden av ny legeheimel i 2013 er også lagt inn.

Det er fleire uviste tilhøve som ikkje er tekne inn i økonomiplanen. Dette gjeld etterspurnaden etter barnehageplassar, konsekvensane av samhandlingsreforma og utviklinga i etterspurnad etter pleie- og omsorgstenester. I samband med samhandlingsreforma må det etablerast eit dagsentertilbod for demente innan 2015. I økonomiplanen er det sett av 2 mill til investering knytt til dagsenter. Løysingar og modell for drift av dagsenteret må vurderast nærare i løpet av 2012 og 2013.

Radøy kommune har ei sak gåande med Opplysningsvesenets fond knytt til storleiken på festeavgifta på tomte der Velferdssenteret ligg. Det er varsla ein sterk auke av festeavgifta, og utfallet av denne saka er førebels uviss.

Renteutviklinga baserer seg på svak auke i åra som kjem, og dermed eit rentenivå i 2015 på 3,5%. Ingen veit om dette sler til.

Det er også føreset at skjønstilskotet frå fylkesmannen vert vidareført med 3,2 mill kvart år i økonomiplanperioden.

På investeringssida er det i 2013 forslag på ca 22,1 mill i samla investeringar der Manger skule med 5 mill, oppgraderingar ved Velferdssenteret 2 mill og utskifting av duk i Radøyhallen 1 mill er hovudpostane.

I 2014 og 2015 vert Manger skule hovudprosjektet, med årleg avsetjing på kr 5.000.000. I planlegginga må det takast sikte på stegvis utbygging og oppgradering av anlegget, ut over økonomiplanperioden.

Det vert avgrensa rom for andre investeringar i perioden, men det er likevel sett av midlar til ny brannbil i 2014.

Frå kyrkja er det varsla trong for oppgradering av orgelet i Manger kyrkje. Når det ligg føre kostnadsoverslag og framlegg til finansieringsplan, vert det å ta stilling til storleiken på kommunal medfinansiering.

Med med dette investeringsnivået aukar rente- og avdragskostnaden frå 14,7 mill i 2012 til 17,4 mill i 2015. Kommunen har ein stram økonomi, og er såleis særst følsam for auka rentenivå – eller auke rente- og avdragskostnad som følgje av større låneopptak til investeringar.



Økonomiplan skjema 1A

	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Skatt på formue og inntekt	(95 087 000)	(95 087 000)	(95 087 000)	(95 087 000)
Rammetilskot	(138 137 000)	(138 650 000)	(138 822 000)	(139 221 000)
Eigedomsskatt	(11 175 000)	(11 310 000)	(11 445 000)	(11 580 000)
Andre generelle statstilskot	(3 690 000)	(3 331 000)	(2 803 000)	(2 221 000)
Sum frie disponible inntekter	(248 089 000)	(248 378 000)	(248 157 000)	(248 109 000)
Renteinntekter og utbyte	(7 113 000)	(6 945 000)	(7 045 000)	(7 146 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre fina	7 137 000	7 260 000	7 867 000	8 222 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	7 597 000	7 593 000	7 941 000	9 195 000
Netto finansinntekter/-utgifter	7 621 000	7 908 000	8 763 000	10 271 000
Til dekking av rekneskapsm. meirforbruk tidl. år				
Avsetjing ubundne avsetjingar				
Bruk av ubundne avsetjingar				
Netto avsetjingar	-	-	-	-
Overført til investering	1 524 000	1 520 000	-	
Til fordeling drift	(238 944 000)	(238 950 000)	(239 394 000)	(237 838 000)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	236 126 000	235 154 000	236 627 000	236 794 000
Meirforbruk (mindreforbruk)	(2 818 000)	(3 796 000)	(2 767 000)	(1 044 000)

Økonomiplan skjema 1B

	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Politisk	2 358 000	2 508 000	2 358 000	2 508 000
Administrasjon	16 958 000	16 608 000	16 608 000	16 608 000
Kultur, kyrkje, bibliotek, musikkskule	11 585 000	11 685 000	11 685 000	11 685 000
Skule og SFO	62 533 000	62 533 000	62 533 000	62 533 000
Barnehage	29 770 000	29 770 000	29 770 000	29 770 000
NAV Sosial	7 622 000	7 622 000	7 622 000	7 622 000
Helse	8 657 000	8 897 000	8 897 000	8 897 000
Pleie og omsorg	72 336 000	72 336 000	72 336 000	72 336 000
Barne- og familietenesta	19 327 000	19 327 000	19 327 000	19 327 000
Helse og omsorg felles	6 471 000			
Plan, næring, teknisk	9 850 000	9 339 000	9 062 000	9 079 000
Reguleringspostar	(11 341 000)	(5 471 000)	(3 571 000)	(3 571 000)
Til skjema 1A	236 126 000	235 154 000	236 627 000	236 794 000

Økonomiplan skjema 2A

	B 2012	B2013	B2014	B2015
Investeringar i anleggsmidlar	24 000 000	19 100 000	21 900 000	15 100 000
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på startlån				
Udekka i investering frå tidl. år				
Trong for finansiering i året	27 000 000	22 100 000	24 900 000	18 100 000
Bruk av lånemidlar	(18 577 000)	(20 393 000)	(24 713 000)	(18 100 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar				
Refusjonar og tilskot	(6 712 000)	-	-	
Tilskot frå andre				
Andre inntekter (byggdebok + BKK)	(187 000)	(187 000)	(187 000)	-
Sum ekstern finansiering	(25 476 000)	(20 580 000)	(24 900 000)	(18 100 000)
Overført frå drift	(1 524 000)	(1 520 000)	-	-
Bruk av avsetjingar				
Sum finansiering	(27 000 000)	(22 100 000)	(24 900 000)	(18 100 000)
Udekka/udisponert	-	-	-	-

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2012 - 2015	B 2012	B 2013	B 2014	B 2015
Olsvollstranda	-				
Kulturminnevern	-				
Bygdebok	3 500 000	1 300 000	900 000	1 300 000	
Radøyhall - utskifting av duk	1 000 000		1 000 000		
Radøyhall - klatrevegg	500 000				500 000
Terapibasseng utstyr	-				
Ungdommens hus	1 700 000	1 700 000			
Kinosal oppgradering	100 000	100 000			
Kyrkja - varmesystem	500 000	500 000			
Investering kyrkjene	-				
Lagerrom Sæbø kyrkje	-				
Kyrkjegardsbil	200 000	200 000			
Mindre investeringar	4 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Austebygd - parkeringsplass	300 000	300 000			
Hordabø - uteområde	100 000	100 000			
Manger skule	20 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Manger skule - gjerde	-				
Sæbø skule ferdiggjering	-				
Radøy ungdomsskule nye vindu	-				
Oppgradering kjøkken RUSK	1 000 000	1 000 000			
Oppgr tak Radøy ungdomsskule	-				
Oppgr Bø barnehage	-				
Tilbygg Prestmarka barnehage	-	-	-		
Ny bustad Hesthaugen	-				
Velferdssenteret utvendig utbetring	3 000 000	1 000 000	2 000 000		
Velferdssenteret, belysning i gama	-				
Dagsenter	2 000 000			2 000 000	
Prosjektering nye plassar	500 000				500 000
Heimetenesta - ombygging	300 000	300 000			
Ny bustader BF	-				
Helsehuset	2 000 000	2 000 000			
Rådhuset - fasade	500 000	500 000			
Dale grendahus	-				
Austmarka øvre	1 000 000	1 000 000			
Utskifting av bilar	3 000 000	500 000	1 500 000	500 000	500 000
Ny brannbil	2 500 000			2 500 000	
Brannvernustyr	-				
Startlån	12 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Dugnadsanlegg	-				
Vassprosjekt	18 200 000	5 400 000	4 000 000	3 100 000	5 700 000
Kloakk oppgradering iflg handlings	7 900 000	800 000	2 400 000	4 700 000	
Kommunale vegar oppgradering	3 000 000	500 000	500 000	1 000 000	1 000 000
Trafikksikring	800 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Eigenkapitalinnskot KLP	2 500 000	600 000	600 000	600 000	700 000
Sum investering	92 100 000	27 000 000	22 100 000	24 900 000	18 100 000

